


Tverrelva Kraftverk vert påbegynt seinhaustes

14.08.2015



Denne skissa syner kor borholet går over til røyrgate - omtrent midtveges i vassvegen.

Det har tidlegare vorte opplyst at at arbeidet med Tverrelva Kraftverk skal starta etter siste slått, men fullt så tidleg vert det ikkje. Prosjektleder Sture A. Karlsen i SKL opplysar no at detaljprosjekteringa av kraftverket er godt igang og at ein planlegg å starte byggjinga seinhaustes. Området som kraftverket skal byggjast på er LNF-område i kommuneplanen siin arealdel og SKL sikjer difor som dispensasjon frå denne etter plan- og bygningslova.

Tverrelva Kraftverk AS er eit heileigd dotterselskap av SKL Produksjon AS og skal utnyttja eit fall på 500 meter og skal produsera 20 GWh i eit middels år. Installert effekt vert på 4,95 MW. Kraftstasjonen vert plassert på Hauglandsida av elva.

Vassvegen frå stasjonen består av nedgrave røyrleidning dei fyrste 600 metrane og deretter går denne over i eit 700 meter langt borehol opp til inntaket i Tverrelva.

Det er gjeve løyve til ei regulering av Mannsvatnet med 1 meter og for å kunne gjere dette vil den gamle dammen rehabiliterast, Dam og inntak vil verta bygd veglaust men av omsyn til lukestyring i den og inntak må det etablerast straumforsyning fram til desse. Dette skjer i ein kombinasjon av luftlinje og nedgrave kabel, Det kan også vere naudsynt med oppgraderingar av nedgrave kabel.

Selskapet vil tinglyse avtale om leige av fallrettar og i samband med dette krev Statens Kartverk eige festenummer for å stette kravet. Difor søkjer SKL om å få skilt ut ei festetomt der kraftstasjonen vert plassert. SKL søkjer også om omdisponering med heimel i jordlova.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen



Andre installasjonar i kraftverket med kraftstasjonen til venstre og inntaket til høgre